



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Særutskrift for Radøy sokneråd Møte 2014/6

Tid: 24. september 2014 kl. 18:00 – 20:30

Radøy sokneråd har i møte den 24. september 2014 hatt fylgjande sak til drøfting:

24/2014 (F) Lik og likskap. - Høyring

UTGREIING

Regjeringa oppnemde 10. august 2012 eit offentlig utval (gravferdsavgiftsutvalet) som skulle utgreie rettslege og økonomiske spørsmål knytt til avgifter i forbindelse med gravlegging. Utvalet leverte si innstilling 3. mars 2014. Høyringsfristen er 01.10.2014.

Kapittel 1, som er samandraget i utgreiinga vert lagt med saka. Heile utgreinga, NOU 2014:2 og anna informasjon fins på :

[/www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/Horing---NOU-2014-2-Lik-og-likskap/Horingsbrev.html?id=757470](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/Horing---NOU-2014-2-Lik-og-likskap/Horingsbrev.html?id=757470).

Utvalet slår fast 6 prinsipp for gravlegging:

1. Gravlegging er eit offentleg ansvar og skal vere utan kostnad for dei etterlatne. Alle innbyggjarar skal vite at fellesskapet vil ta ansvar for ei verdig gravlegging. Seremonien er derimot eit privat ansvar.
 2. Gravplassane skal vere allmenne og bør bli forvalta slik at ordningane i hovudsak er felles for alle. Gravplassane er opne for alle avlidne.
 3. Forvaltninga skal så langt som mogeleg legge til rette for at gravlegging skal skje med respekt for personleg livssyn og i tråd med føringane til vedkomande livssynssamfunn.
 4. Lovgjevinga skal likestille gravferdsformene. Lovgjevinga skal legge til rette for ulike gravferdsformer og ikkje stimulere dei etterlatne til å velje den eine gravferdsforma framfor den andre.
 5. Eitt menneske får ei grav. Gravlegginga er ei endeleg handling.
 6. Med tida blir grava sletta og gravminnet teke bort. Ei grav og eit gravminne skal vanlegvis ikkje stå lenger enn det finst levande som minnest den avlidne.
-

Utvalet peikar på at fleire avgifter knytta til gravferdsområdet i dag fører til ulikskap. Dei kjem derfor med forslag om regelendingar og andre tiltak som gjev meir føreseielege løysingar for brukarane av gravferdstenestene.

Utvalet meiner at gravferdsformene kremasjon med nedsetjing av urne og kistegravlegging bør likestillast både juridisk og økonomisk.

Utgreiinga er omfattande og vi har derfor valgt å avgrense tilbakemeldinga frå soknerådet. Vi vil nedanfor gå nærare inn på dei områda som truleg vil gje størst endringar for vårt sokn og vårt geografiske område.

Kremasjon.

Utvalet gjer framlegg om å oppheve heimelen for kremasjonsavgift og vil at gravplassforvaltinga skal betale transport av kiste til næraste krematorium.

Det er positivt for gravplassforvaltinga med tanke på utviding av areal, at fleire vel urne. Hos oss er det framleis ein sterk kultur for kistegravlegging, og det vil truleg ta tid før det skjer store endringar. Dei fleste som vel kremasjon her gjer det fordi dei vil gravleggast i ei spesiell grav (td. ei som framleis er freda).

Kremasjonsavgifta vert no betalt av dei etterlatne, og kan saman med kostnader til transport i nokon grad vera vridande for val av gravferdsform. Transport til krematorium har til no vore dekkja av NAV. Dersom kostnaden ikkje vert blir refundert ”krone for krone” men blir ein del av inntektssystemet til kommunane, kan det lett verta ei ”distriktsavgift”.

Festeavgift.

Fredingstida er etter lova minimum 20 år etter gravlegging. I Radøy kan pårørande betale for å behalde grava vidare i 5-års bolkar fram til den er 60 år. Dette gjev også festar rett til å nytte grava på nytt. Mange sokn har andre og stort sett lengre betalingsperiodar.

Ved dødsfall kan ein også feste grav ved sida (familiegrav). Då vert grav nr 2 ei betalingsgrav, også om ho blir teken i bruk. Dette siste har mange sokn fått spørsmål om, og folk opplever det urimeleg sett opp imot lovteksten som gjev alle innbyggjarar i kommunen rett fri grav. Radøy har ikkje praktisert dette men har rekna fri grav i 20 år slik som det no vert føreslege i utgreiinga. Noverande regel er vanskeleg å forklara og forsvara ovanfor dei pårørande.

Utvalet sitt framlegg om at betalingsfri periode vert 20 år, uavhengig av fredingstid, og med høve til forlenging med 5 år om gongen, meiner vi er positivt. Dette er i samsvar med reglane slik dei vert praktisert i vårt sokn. Korte leigeperiodar fører til at vi har oftare kontakt med festar og at gravregisteret kan haldast betre ajour. Det kan også vere medverkande til at graver vert frigjort for ny gravlegging på eit tidlegare tidspunkt.

Utanbygds gravlegging.

I framlegg til ny gravferdslov skal ein ha krav på å verta gravlagt i ein annan kommune enn kommunen der ein var busett ved dødsfall. No er det soknerådet som gjev løyve til dette. Pårørande må betale for både grav og seremoni.

Ønske om gravlegging i annan kommune er eit uttrykk for at avlidne hadde sterke band til denne staden. Dette bør ikkje dei etterlatte betale for, men ei endring av reglane kan gje fleire gravferder i distriktskommunar med minkande folketal.

Utvalet gjer framlegg om at gravplassforvaltninga gjer opp seg imellom etter satsar fastsett av departementet i forskrift. Det er føreslege at det vert normerte prisar som skal gje dekning for utgiftene. Endringa kan vera positiv men det er viktig at utgiftene vert kompensert ut frå reelle kostnader.

Gravplassvedtekter.

Gravplassforvaltning er ei offentleg oppgåve som vert finansiert av offentlege midlar. Utvalet meiner derfor at det er gode grunnar til å vurdere kor vidt det bør vere kommunen som skal fastsette gravplassvedtektene.

Vedtektene vert no fastsett av soknerådet. Kommunen kan vera ein viktig høyringspart, som også formelt vedtar betalingssatsane slik som idag. Så lenge kyrkja er gravplassmynde bør det kanskje vera slik at kyrkja også har ansvaret for å vedta den mest sentrale reiskapen for gravplassforvaltninga.

Det kyrkjelege fellesrådet/soknerådet er ikkje pålagt å drive eigenkontroll med gravplassforvaltninga. Mange små einingar har ansvar for ei offentleg teneste som er viktig for folk når dei treng henne. God informasjon og rettleiing er også viktig i arbeidet med gravplassforvaltninga.

Vi er usikker på om sokneråda bør få pålegg om å sette ned eit eige gravplassutval som skal synfare og føre tilsyn med gravplassane. Dette kan gje auka byråkrati utan å tilføre noko.

Oskespreiing og kolumbarium.

Kolumbarium (eiga nisje med urna, og med namn utanpå) er svært lite brukt og ikkje kultur for hos oss. Det bør ikkje bli pålagt at alle gravplassar skal gje tilbod om det. Det vil gje store etableringskostnader utan at det er etterspurd.

Det er føreslege at den lokale forvaltninga får ansvar for søknader om oskespreiing. Representant for gravplassforvaltninga skal vera til stades ved spreinga. Det vert og opna for spreieing av oske på gravplassen. Oskespreiing på gravplass må i tilfelle skje på eit eigna og avgrensa område. Det kan fort bli konflikt rundt dette dersom det ikkje blir sett av høveleg areal.

Økonomiske og administrative konsekvensar.

Ulikskapane mellom kommunane er store, og korleis dei ulike framlegga vil slå ut vil variere ein del mellom kommunane. Utvalet konkluderer likevel med at konsekvensane av endringsframlegga er relativt avgrensa.

Økonomiske konsekvensar bør som utgangspunkt dekkast fullt ut, jf. kistetransport til krematorium og utgifter til uttanbygds gravferd. Kompensasjon må gjerast opp direkte mellom sokna/fellesråda og ikkje gå inn i kommunen sitt rammetilskot.

INNSTILLING

Radøy sokneråd har følgande merknader til framlegga i NOU 2014:2:

7. Soknerådet støttar dei seks prinsippa som utvalet slås fast i kapitel 5.
 8. Likskap mellom gravferdsformer og større ansvar for det offentlege, må kompensierast fullt ut for gravplassforvaltinga. Det vil ikkje bli tilstrekkeleg ivaretatt ved å innarbeide summane i inntektssystemet til kommunane.
 9. Radøy sokneråd er positive til at alle skal ha rett på fri grav i 20 år. Grav kan deretter leigast for inntil 5 år om gongen.
 10. Soknerådet støttar også forslaget om å likestille innanbygds og utanbygds gravleggingar, men vil tilrå normerte satsar for oppgjer mellom gravplassforvaltningar.
 11. Kolumbarium og oskespreiing på gravplassane bør ikkje verta bli eit pålegg for alle gravplassar. Kostnad for eventuell pålagt innføring må kompensierast.
 12. Gravplassvedtektene må framleis fastsettast av kyrkjeleg fellesråd/sokneråd som etter lova er gravplassmynde. Bispedømet sine oppgåver etter gravferdslova, jf. lova § 24, bør flyttast til fylkesmennene.
 13. Soknerådet er usikker på nytten av å opprette eit eige gravplassutval i alle kommunar.
-

VEDTAK

Radøy sokneråd har følgande merknader til framlegga i NOU 2014:2:

14. Soknerådet støttar dei seks prinsippa som utvalet slås fast i kapitel 5.
15. Likskap mellom gravferdsformer og større ansvar for det offentlege, må kompensera fullt ut for gravplassforvaltinga. Det vil ikkje bli tilstrekkeleg ivarettatt ved å innarbeide summane i inntektssystemet til kommunane.
16. Radøy sokneråd er positive til at alle skal ha rett på fri grav i 20 år. Grav kan deretter leigast for inntil 5 år om gongen.
17. Soknerådet støttar også forslaget om å likestille innanbygds og utanbygds gravleggingar, men vil tilrå normerte satsar for oppgjer mellom gravplassforvaltningar.
18. Kolumbarium og oskespreiing på gravplassane bør ikkje verta bli eit pålegg for alle gravplassar. Kostnad for eventuell pålagt innføring må kompensera.
19. Gravplassvedtektene må framleis fastsettast av kyrkjeleg fellesråd/sokneråd som etter lova er gravplassmynde. Bispedømet sine oppgåver etter gravferdslova, jf. lova § 24, bør flyttast til fylkesmennene.
20. Soknerådet er usikker på nytten av å opprette eit eige gravplassutval i alle kommunar.

Manger, 25.09.2014

For Radøy sokneråd

Audun Sylta
